



Aurland
Hamnevesen KF
harbour authority

AVFALLSPLAN

FOR

KOMMUNALE HAMNER I

AURLAND KOMMUNE


INNLEIING

Avfallsplan for kommunale hamner i Aurland kommune er utarbeidd som fylgje av krav i ureiningsforskrifta. Planen tek utgangspunkt i miljø-direktoratet sin rettleiar til utarbeiding og godkjenning av avfallsplaner i hamner, M-147/2014.

Ein del av innhaldet er teke rett frå Norsk Reinholdsverks-foreining sin rettleiar, rapport nr. 4/2004. Denne planen er ein oppdatering av plan datert 03.12.2014. Hamnevesenet har og før dette, hatt fungerande ordningar. Alle partar har hatt kjennskap til hamnene si plikt til å ta imot all slags avfall. Planen omfattar berre kommunale hamner.

Flåm: 04.02.2016.

Jon Olav Stedje



INNHALDSLISTE

- **FØREMÅL OG VERKEOMRÅDE** **side 4**
- **ANSVAR OG ORGANISERING OG PLIKTER** **side 4**
- **RÅMEVILKÅR** **side 4**
- **DAGENS SITUASJON** **side 5**
- **GEBYRSYSTEMET** **side 10**
- **INFORMASJON OG RAPPORTERING** **side 10**
- **PROSEDYRER FOR LØPENDE SAMRÅD MED
HAVNEBRUKERE OG
AVFALLSHÅNDTERERE** **side 12**
- **SPESIELLE LOVER, REGLAR OG
BESTEMMELSAR FOR HAMNER OG SKIP** **side 12**
- **OVERSIKT VEDLEGG** **side 13**

FØREMÅL OG VERKEOMRÅDE

Føremålet med avfallsplanen er å tilfredstilla forskrifta sitt føremål om å verna om det ytre miljø ved å sikra iverksetjing og drift av tilfredsstillande mottaksordning for avfall og lasterestar frå skip, og sørgja for at avfall og lasterestar frå skip vert levert vidare til godkjende behandlingsanlegg. Forskrift om levering og mottak av avfall og lasterestar frå skip gjeld:

- a) alle norske og utanlandske skip, her under fiskefartøy, fritidsbåtar, krigsskip, militære hjelpefartøy eller andre skip som eiges eller drives av den norske eller av en utenlandsk stat, som anløper norsk havn,
- b) alle norske havner som normalt anløpes av skip som omfattes av bokstav a.
- c) Avsnitt III Melding og levering av avfall og lasterester gjelder for norske skip som anløper havn innenfor EØS-området.

ANSVAR OG ORGANISERING OG PLIKTER

Hamneansvarleg plikter å sørgja for at avfallet blir motteke og vidarehandtert etter ein hensiktsmessig plan, som skal utarbeidast i samråd med involverte partar. Skipsførerar skal sørgja for at avfall og lasterestar frå skipet vert levert til mottaksordning i hamn før avgang, med mindre skipet har akseptabel lagringskapasitet for seinare levering. Detaljar kan ein lesa nærmare i forskrifta og seinare i avfallsplanen.

RÅMEVILKÅR

MARPOL OG EU-direktiv. Marpol 73/78 er ein internasjonal konvensjon om hindring av forureining frå skip med seinare endringar som fastset kva former for avfall det er forbode a sleppa ut i havmiljø, og som krev at det føreligg tilstrekkeleg mottaksanlegg i hamner. Eu har vedteke eit direktiv om mottaksordningar for avfall og lasterestar frå skip(direktiv 2000/59/EC, av 27.11.2000). Føremålet er å hindra at avfallet vert dumpa i sjøen, og for å unngå dette i størst mogeleg grad er det lagt opp til ei ikkje-spesifikk gebyr(«no special fee») for levering av avfall.

Forskrift om mottak og leveringavfall og lasterestar frå skip. Forskrifta, som ei implementering av overstående EU-direktiv, og med heimel i m.a. forureingslova, vart vedteken 12.10.03 og gjort gjeldande frå same tidspunkt.

Forureingslova m/forskrift om farleg avfall. Forureingslova er vedteken med verknad frå 01.07.04. Fram til dess hadde kommunane ansvar for avfallet som vart omtala som forbruksavfall og som vart levert i hamnene. Etter lovendringa vart avfallet definert om til næringsavfall og kommunane har ikkje lenger plikt til å ta i mot eller vidarehandsama dette. Kommunen kan likevel tilby tilsvarande teneste. Forskrift om farleg avfall er heimla i forureiningslova og inneber også at skip og hamneansvarleg må forholda seg til denne.

Brukarar som leverar farleg avfall skal deklarerer mengde og type på eige skjema. Av praktiske og kompetansemessige årsaker kan det vera aktuelt at farleg avfall på vegne av skipsførar, vert deklarerert gjennom skipsagenten eller den som tek i mot avfallet. Det kan også vera aktuelt at det mest vanleg farleg avfall som tilsvarar farleg avfall frå hushaldning kan leverast udeklarerert til avlåste miljøstasjonar og at den vidare deklareringsa av det farlege avfallet kan gjerast av innsamlar/godkjent mottakar av avfallet. Ein annan løysing kan vera å nytta såkalla «raude boksar» for mindre mengder farleg avfall/elektronikkavfall.

Forskrift om forbod mot innførsel av matavfall fra transportmidlar som opererer internasjonalt.

Fastsett av Landbruksdepartementet 24. oktober 2003 med heimel i lov av 19. desember 2003 nr. 124 om matproduksjon og mattrygghet mv. (matloven). Formålet med denne forskrifta er å førebygga sjukdommar samt overføring av smitte til dyr og menneskjer ved innførsel av matavfall fra transportmidlar som opererer internasjonalt. Det er forbode å innføre matavfall fra transportmidlar som opererer internasjonalt unntatt når vilkår i forskrifta er oppfylt.

Unntak – det kan gjerast unntak frå forbodet i §3 når alle fylgjande vilkår er oppfylte:

1. Mottakaren på framkomststaden skal disponere avfallsbeholdarar som særskilt er avsett til bruk for denne type avfall. Ved ilandføring skal avfallet snarast deponerast i beholdarane.
2. Avfallsbeholdarane skal vera utforma slik at tilgang av skadedyr og lekkasje hindrast, samt ha ei påskrift om at innhaldet skal destruerast.
3. Avfall skal transporterast utan unødvendig opphald i lukka behaldar til godkjent avfallsbehandlingsanlegg, kor det etter framkomst skal forbrennast. Behaldarar som nyttast både til innsamling, herunder mellombels oppbevaring, og transport skal reingjerast før ny utplassering.
4. Det skal førast oversikt over mottakne og leverte mengder avfall. Oversikten skal oppbevarast i 2 år og på oppfordring leggest fram for tilsynsmyndigheita.

Bransjeavtaler – kjeldesortering

For å gjennvinna deler av embalasjeavfallet er det mellom ulike bransjeselskap og Miljøverndepartementet inngått avtaler. Desse selskapa har inngått bransjeavtale med Miljøverndepartementet med mål og fristar for gjenvinningsgrad Slike bransjeavtaler er inngått for EE-avfall, batteri, og alle slags emballasje.

DAGENS SITUASJON

Administrasjonsbygg: Avfall her vært sortert i restavfall, Glas/metall og egne kassar for papp og papir. Avfall blir levert til komprimator levert av Ragn Sells AS (sjå kart side 7). Her er det og moglegheit for å levere glas og metall. leveringa til denne vert organisert av Flåm Utvikling AS.

Oversikt over mottaksanlegg sett i forhold til kai og trafikk: Kommunen sine hamner vert trafikkert av cruiseskip, rutegående og charter farty, lastebåtar og småbåtar. Aurland Hamnevesen KF vart oppretta i 1999 samstundes med at kommunen sitt sjøområdet vart eige hamnedistrikt. Alle kommunale kaiar og kommunale område regulert til hamneføremål vart overteke av hamnevesenet. Hamnevesenet er organisert som kommunalt føretak(kommunelova §11) med dagleg leiar og eit styre på tre medlemmar. I 2015 er det no Hamnesjef, assisterande hamnesjef og 5 styremedlemmar i Aurland Hamnevesen KF.

Cruise: Djupvasskaia i Flåm mottar årleg om lag 150 cruiseskip i ulike størrelsar. Om lag 75 prosent av desse går til kai, medan dei resterande nyttar seg av anker og tendring. Skipa som går til kai, har moglegheit for levering av avfall.

For avfallshandtering frå cruiseskip er det inngått ein 3 års avtale med Ragn-Sells as om handtering av avfallet. Avtalen gjeld ut 2017. Matavfallet vert sendt direkte til forbrenningsanlegg i Bergen slik det står i unnatak til forskrift om forbod mot mottak av matavfall. Anna avfall vert transportert direkte til Ragn-Sells as sitt anlegg. Ragn-Sells as fører statistikk over mengde og type avfall som vert levert. Kaien er bemanna når cruiseskip ligg til kai. Når skipet melder frå om at dei ynskjer å levera avfall, vert renovatørselskapet kontakta og høveleg container plassert ved lasteluka på skipet. Renovatøren har separat volum for transport av farleg avfall og renovatøren mellomlagrar dette ved sin miljøstasjon i Festingedalen. Avlevering av kloakk eller større mengder farleg avfall blir gjort etter særskilt avtale.

Reiarlag med fast tilhald i kommunen sitt sjøareal: har alle eigen ordning for avfallshandtering, dette gjeld både rutegående og charter båtar. Dette omhandlar om lag 10 til 15 fartøy (avhengig av sesong). Dei ulike båtane har moglegheit til å levere restavfall og papp/papir i komprimator levert av Ragn Sells AS (*sjå kart side 8*). leveringa til denne vert organisert av Flåm Utvikling AS. Farleg avfall eller andre avfallsfraksjonar (matavfall, oljerestar, plastikk og liknande) blir levert ved avtale. Dette blir då henta direkte av Ragn Sells AS eller frakta til miljøstasjon på Tero. Dei ulike reiarlaga er:

- The Fjords DA
- Norwegian Fjord Voyage AS
- RSMaritime AS
- Fjord Charter Norway AS
- Lustrabaatane

Det er reiarlag som har trafikk til og frå Kommunen sine hamneanlegg som har avfallslevering andre stader. Desse er dokumentert i vedlegg. Desse reiarlaga er Norled AS og Fjord2.

Andre Båtar: Hamnevesenet har gitt tilbod om gjesteplass for fritidsbåtar ved tenderbryggene på dagar desse ikkje har vore i bruk. I og med at Flåm Marina as no har bygt

Avfallsplan for kommunale hamner i Aurland kommune

ut ny gjestehamn, har hamnevesenet avvikla sitt tilbod til fritidsbåtar. Flåm Marina as har gode ordningar for mottak av avfall. (Sjå *Private småbåthamner s. 9*).

For lastebåtar, mindre passasjerbåtar og lystfartøy må senda inn meldingskjema for avfall minst 24 timar på førehand om dei skal levera avfall. Dette blir henta og levert i same komprimator som for reiarlag med fast tilhald i kommunen. Gebyr for dette går inn under ei ikkje spesifikk avgift (sjå *Gebyrsystemet side 9*). For dei andre hamnene i kommunen hentar kommunetilsette avfallet ved skipssida og transporterer det direkte til Simas AS sin miljøstasjon på Tero. Omfanget er sers lite og det dreiar seg om mindre enn 10 fartøy i året og berre eit fåtal(fleste år ingen) av desse leverer avfall.

Kommunale kaiar

Stad	Kai-namn	Bruk og reiarlag
Flåm	1-3	Rutegående The Fjords as, Norled as og Sognefjorden as
Flåm	5	Norwegian Fjord Voyage
Flåm	6	Skulebåt Flåm – Sogndal BNR/Charter
Flåm	7	Charter
Flåm	8	Charter
Flåm	9-10	Norwegian Fjord Voyage
Flåm	11-12	Prioritert for Yacht.
Flåm	Flytebrygge 1	Fjordcruise – Flåm Guideservice as
Flåm	Flytebrygge 2-3	For i landsetjing av passasjerar frå cruiseskip
Flåm	Flåm Cruisehamn	Kai for cruiseskip

Avfallsplan for kommunale hamner i Aurland kommune



Aurland	Kjølekai	Rutetrafikk: The Fjords og Norled
Aurland	Kai Skofabrikk	Skulebåt BNR
Aurland	Ferjekai(nedlagt)	Kai for lastning/lossing av lastebåtar
Aurland	Flytekai sentrum	Kai for butikkbesøkjande innbyggjarar
Dyrdal	Dyrdalskaien	Rutebåtar The Fjords DA
Styvi	Styviskaien	Rutebåtar The Fjords DA
Tufto	Tuftekaien	Rutebåtar The Fjords DA
Bakka	Bakkakaien	Charter
Gudvangen	Ferjekaien	Rutegående: The Fjords DA og Fjord 2 (<i>Sjå Vedlegg</i>). Charter: Lustrabaatane
Gudvangen	Butikkbryggja	Charter og kai for butikkbesøkjande innbyggjarar

Private småbåthamner:

I kommunen er det og 3 småbåthamner tilknytt foreiningar. Av desse er det berre Gudvangen som tilbyr gjesteplassar. Flåm Marina & Apartment tilbyr gjesteplassar. Dei har og overtatt gjesteplassar som tidlegare har vore styrt av Hamnevesenet og Flåm Utvikling.

	Ansvarleg:	Plassar:	Gjesteplassar:	Restavfall:	Kildesortering:	Informasjon:
Flåm Marina (Gjestehamn)	Jørund Vidme Mob: 41470898	14	14	Ja	Ja	Avfallsbeholdarar plassert på marinaen. Hentast av SIMAS.
Flåm Småbåthamn (Foreining).	Johnny Bø Mob: 40179814	30	Nei	Ja	Nei	Behaldar for restavfall ved hamna. Hamn er for småbåtforeining der det i «husreglane» er skreve at kvar person har ansvar for eige avfall og levering på SIMAS sin miljøstasjon på Tero. Dette gjeld og kildesortering.
Aurland Småbåthamn (Foreining).	Jan Inge Magnussen Mob: 95984603	30	Nei	Ja	Nei	Behaldar for restavfall ved hamna. Olje og anna spesialavfall vert levert på Aurland Bil X-tra og SIMAS sin miljøstasjon på Tero.
Gudvangen Småbåthamn (foreining)	Olav Hylland: Mob: 95246808	20	2	Ja	Nei	Mykje spesialavfall som olje, batteri og liknande kan leverast på Shell-stasjonen i Gudvangen. Elles er det levering av restavfall og glas/metall på kaia.

Aurland Hamnevesen KF er og behjelpeløse med mottak av førehandsmelte behov om levering av avfall på desse anlegga.

Behov for framtida Aurland hamnevesen KF vil arbeida for å finna gode løysingar tilpassa behovet. I samarbeid med Flåm Utvikling AS og dei andre aktørane i Flåm, vil ein jobbe mot å finne best mogleg løysingar for næringane. Ein vil i størst mogeleg grad høyra på brukaren og der hamna ikkje oppfyller pliktene sine nytta seg av avviksskjema.

Avfallsplan vert revidert på bakgrunn av endringar som fylgje av nye behov eller gamle fell vekk, endringar i råmevilkår eller andre relevante forhold. Planen vert ajourført kvart fjerde år.

Renovatørtenestene går inn under ordninga for offentleg kjøp. Etter nyttår 2015 blei det skifta renovatørfirma. Ragn-Sells as har levert inn det gunstigaste tilbodet og vil dermed få oppdraget med henting av skipsavfall dei neste tre åra. Ragn-Sells as har lokalkontor på Voss og har frå før inngått avtale på avfallshandtering frå bedriftene i Flåm. Dei siste tre åra har SIMAS teke hand om skipsavfallet i Flåm. Andre renovatørfirma som er aktuelle å kjøpa renovatørtenester av er Sunde Gjenvinning i Årdal, Indre Hordaland Miljøverk på Voss og Hallingdal Renovasjon på Ål. I Årdal og på Kleivi i Ål er det forbrenningsanlegg som kan vera alternativ til å køyra matavfallet til Bergen.

GEBYRSYSTEMET

Med unntak av skip som tilhører reiarlag med faste avtalar betalar alle fartøy ei ikkje spesifikk avgift. Dette betyr at eit skip må betala om det vert levert avfall eller ikkje. Gebyret vert differensiert ut frå levert mengde. Betalingssatsane er vedtekne av kommunestyre. Mindre endringar kan vedtakast av hamnestyre.

Den ikkje spesifikke avgifta omfattar inntil 2 m³ forbruksavfall og mindre mengder kloakk og oljeavfall. For lasterestar og større mengder farleg avfall vert fakturert skipet etter levert mengde.

Tilbakemeldinga frå skipsagentane er at dei ikkje ynskjer endring i forholdet mellom fastledd og betaling etter leverte mengde.

Betalingsatsane er inndelt i samsvar med hamnelova i avgifter, gebyr og vederlag. Betaling for renovasjonstenester er gebyr. Betalingssatsane for 2016 ligg ved.

I «Føresegn om anløpsavgift og gebyr i Aurland Kommune sitt sjøområde og forretningsvilkår for vederlag og tenester i kommunale hamner» står det i kapittel 1.2.2 fylgjande:

Avfalls-gebyr skal dekkja lovpålagde oppgåver hamnene har med handsaming av skipsavfall. Ordninga skal stetta krav etter "Lov om Ureining" og tilhøyrande forskrift om levering og mottak av avfall og lasterestar frå skip. Gebyr skal betalast i alle Aurland kommune sine hamner. Fritak for avfallsgebyr er rutefartøy og fartøy heimehøy-rande i kommunen som kan dokumentera eigen godkjend avfallsordning.

Gebyret er delt i ein fast minimumsdel som alle fartøy må betala eller ein del som vert utrekna etter volum og type avfall for dei som leverer avfall.

Fartøy som skal levera avfall må melda frå seinast kl. 14.00 dagen før.

INFORMASJON OG RAPPORTERING

Hamneregulativet finn ein på heimesida til Aurland Hamnevesen KF (www.aurlandhavn.no) under regelverk. Punkt 1.2.2 omhandlar avfallsgebyret. Regulativet finst også på engelsk.

Ved anløp skal skipet rapportera type og mengde avfall innan kl:14:00 dagen før. Skjema som vert brukt er vist i vedlegg.

Kontaktpersonar

Aurland Hamnevesen KF:

- Hamnesjef John Erik Johnsen (mobil: **90112942**)
- Assisterande Hamnesjef Jon Olav Stedje (mobil: **97627382**)
- E-post: post@aurlandhavn.no

Flåm Utvikling:

- Alf Sigurd Straumsnes (mobil: **41302804**)

Ragn Sells:

- Trond Børholm (mobil: **98221621**)

Informasjon om mottaksordninga finn ein på nettet eller det vert opplyst i samband med anløpsmelding. Renovatøren fører rapport over avfallsmengdene frå cruiseskipa. Skjema ligg som vedlegg.

Opplæring vert sikra gjennom god informasjon til brukarar ved hamna og ved å ha gode rutinar for handtering av avfallet i samarbeid med renovatør.

Avvik. Posedyre for rapportering av påstandar om utilstrekkelege/mangelfulle

mattaksanlegg. For å ivareta hamna si plikt jamfør med forskrifta og for å betra standarden på mottaksordninga skal det leggast til rette for avviksrapportering. Avviksskjema ligg som vedlegg. Avviksskjema skal sendast hamneansvarleg på post@aurlandhavn.no.

Hamneansvarleg journalfører dette og skal innan 3 veker gi tilbakemeld om korleis avviket er løyst. Dersom den som leverar avvikskjemaet ikkje er nøgd med tilbakemeldinga kan denne påklagast til Fylkesmann.

Vidare handsaming av avfallet:

Avfallet skal handsamast i samsvar med gjeldande lover og forskrifter for den type avfall det gjeld. Vi viser her til Ragn Sells AS sine prosedyrar for handtering av avfall.

(www.ragnsells.no).

Avfall frå cruiseskip blir brukt til varmegjenvinning og destruert i tråd med Forskrift om gjenvinning og behandling av avfall (avfallsforskrifta).

For avfall levert til komprimator:

- **Papp og papir** blir transportert til Austen for gjenvinning og produksjon av emballasje.
- **Trevirke** blir sendt med skip til Sverige og Nederland til varmegjenvinningsanlegg. Her har og Ragn-Sells eit pilotprosjekt, der trevirket blir sendt til Polen for produksjon av sponplater.
- **Restavfall** blir grovsortert og metall blir brukt til gjenvinning. Det sorterte restavfallet blir brent i B.I.R sin omn og brukt til energigjenvinning. (www.bir.no).

PROSEDYRAR FOR LØPENDE SAMRÅD MED HAMNEBRUKARAR OG AVFALLSHANDTERARAR

Hamnebrukarar:

Aurland Hamnevesen KF etablera kontakt med dei ulike brukarane for å få kartlagt behov. Dette for å tilfredstille behova til dei ulike brukarane. Dette omhandlar blant anna kva type avfall det er behov for å levere og mengde. Aurland Hamnevesen KF oppfordrar brukarane til to-vegs kommunikasjon. Dette for å unngå påstandar om utilstrekkeleg mottaksanlegg.

Avfallshandterarar:

Det er inngått avtale med Ragn Sells AS og Flåm Utvikling om utplassering og tøyming av avfallskonteinarar i på bakgrunn av kartlagt behov, sortering og tøyming.

SPESIELLE LOVER, REGLAR OG BESTEMMELSAR FOR HAMNER OG SKIP

I lista under finn ein opp diverse lover og forskrifter som også regulerer forhold som vedkjem avfallshandtering i hamner og på skip, utan at disse er nemnde i vedlegg eller omtalt nærmare:

- Lov om havner og farvann
- Lov om Statskontroll med Skibes Sjødyktighet m.v.
- Forskrift om etablering av mottaksordninger for avfall fra skip
- Forskrift om utslipp av kloakk m.m. fra skip i vassdrag og kystnære områder
- Forskrift om lagring av olje og andre skadelige stoffer i skip
- Forskrift om hindring av forurensninger ved skadelige, flytende stoffer som transporteres i bulk
- Forskrift om forbud mot forbrenning til sjøs
- Forskrift om gjenvinning og behandling av avfall (avfallsforskrifta)

For skjema som omhandlar levering av avfall, avviksskjema for påstand om utilstrekkelege mottaksforhold, avfallsrapportar eller anna informasjon, vær vennleg å kontakt Aurland Hamnevesen KF.

